Stiftinga er i dag representert i banken si generalforsamling og med varamedlem i banken sin valkomite for generalforsamling.

Forvaltningsstrategi

Eigedelane i Sparebankstiftinga Fjaler består av:

Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane (1 152 992 bevis):

kr 116 453 060

Likvide midlar:

Bankinnskot kr 22 670 718

Finansielle investeringar kr 34 773 941

Kunst:

Sparebankstiftinga er eigar av to Anders Askevold-maleri med motiv frå Dale, malt i 1860-åra. Dei er bokført til kostpris sum kr 100.813.-.

Det skal byggast opp ein likviditet over tid som tilsvarar om lag tre års drift i stiftinga (til drift og allmennyttige gåver). Denne likviditeten skal i hovudsak vere plassert i bankinnskot og pengemarknadsfond.

Stiftinga sine likvidar har vore plassert i bank, rentemarknads- og aksjefond.

Renteavkastninga på bankinnskot har vore aukande gjennom året. Urealisert vinst på fond med vinst var kr 2 959 605 pr 31.12.23. Denne vinsten er ikkje inntektsført. Urealisert tap på fond med tap var kr 11 219.- pr 31.12.23. Urealisert tap pr 31.12.22 var kr 371 205, endringa kr 359 986 er tilbakeført som inntekt.

Netto urealisert vinst og tap er kr 2 948 386.-. Realisert vinst i fonda i 2023 var kr 1 438 373.

Urealisert verdistigning på midlar plassert i fond pr 03.04.2024 var ca. kr 5 144 000.-.



Frisbeebane og tursti i Lendinga i Flekke

Foto: David Zadig

Gåver til allmennyttige føremål

Sparebankstiftinga Fjaler har som mål at delar av stiftinga sitt overskot skal gjevast som årlege gåver til allmennyttige føremål. Dette skal utløyse aktivitet og eigeninnsats og dermed auke trivselen i nærmiljøet. Stiftinga skal i si verksemd først og fremst prioritere gåver i det distriktet som har bygd opp grunnkapitalen (sparebanken sitt fond) i tidlegare Fjaler Sparebank. Styret legg vekt på god kunngjering og informasjon om gåveprosessen. Les elles om gåveinstituttet, tildelingane og reglane for å søke på www.ifjaler.no.

Stiftinga la i 2023 opp til éin søknadsrunde for gåver til allmennyttige føremål, med søknadsfrist 1. mars. Styret kan også handsame søknader utanom ordinær søknadsrunde, men søknaden må i så fall ha ei særskild grunngjeving for det.

Sidan første utdeling frå stiftinga hausten 2010 har stiftinga delt ut kr 32 481 495, fordelt på 541 tiltak. Av dette er kr 5 367 500 utdelt i 2023 fordelt på 36 mottakarar. Det vart i 2023 delt ut 14 gåver i «På Rappen-ordninga». Dette er ei ordning der ungdom kan søkje på inntil kr 10.000.-, gjennom heile året, og få svar innan kort tid.

Gåvefondet er på kr 8 218 753 pr 31.12.23. Gåvefondet er meint som ein reserve for framtida, dersom det skulle komme enkeltår der resultatet elles ikkje gjev høve til gåveutdeling.

Støtta frå stiftinga gjev rom for ei stor breidde av tiltak innan kultur, idrett og nærmiljøtiltak, alt frå driftsstøtte til små og store organisasjonar til støtte til store prosjekt, t.d. idrettsanlegg og forsamlingshus. Stiftinga har følgd opp sparebanktradisjonen med å gje driftsstøtte til dei mange laga i Fjaler/Holmedal som betyr mykje for aktiviteten og trivselen i sine bygder, men

er òg med og støttar dei store prosjekta som er nyskapande og som medfører stor eigeninnsats.


Parkinson prosjekt, Chris Hamper:



Foto: David Zadig

Større tildelingar i 2023 som kan nemnast er:

Kulturhuset Samvirke kr 850.000 (kr 2.500.000 fordelt over 3 år), kr 300.000 til akustikktiltak Preform, kr 770.000 til turstianlegg i Lendinga i Flekke, kr 275.000 til tidsskriftet JA-JA m.m.


Samvirke Scene
Foto: David Zadig

Generalforsamlinga vedtok ramme kr 7 000 000 for gåveutdeling 2023, og kr 8 000 000 for 2024. Summen av utdelte gåver i 2023 var kr 5 367 500.

Tildelingar 2023

ORGANISASJON	PROSJEKT	VEDTAK
Fjaler kommune	Samvirkelaget, Oppgradering til kulturhus og verte den nye storstova i Fjaler. Del av fleirårig gåve.	850 000
DALE IDRETTSLAG	(A) inventar/utstyr fotballhall og (B) organisasjons- og samfunnsutviklingsprosjekt Dingemoen Idrettspark. Del av fleirårig gåve.	250 000
Spb.stiftinga Fjaler	Forstudie Folkehøgskule	212 000
PREFORM AS	Akustikkiltak og anna klargjering for bruk av lokalet	300 000
DALSFJORDEN/YTRE SOGN FJORDHESTLAG	Kurs i hestestell og bruk av utstyr	8 000
DALSFJORDEN SPELEMANNSLAG	Driftsstøtte	10 000

6



HOLMEDAL VEL	Restaurering gangbru over Bakkeelva, forbetre tilkomst, rydding sti.	100 000
SVINT IL	Turstianlegg i Lendinga	770 000
ASKVOLL OG HOLMEDAL SKYTTLARLAG	Bane for løpande villsvin, skiskytingsblinkar	70 000
TEATERFESTIVALEN I FJALER	Teaterfestivalen 23. Tema kjærleik. Dei lokale arrangementa.	300 000
Korssund Vel	Gatelys Korssundet	150 000
JAKOB SANDE-SELSKAPET	JAJA, nasjonalt tidsskrift	275 000
RIVEDAL BYGDELAG	Vedlikehald bygdehuset	80 000
RULLERAMPA 6963	Rullerampe og pumptrack	295 000
DALE MUSIKKORPS	Drift og innkjøp althorn	50 000
FJALER PENSJONISTLAG	50-årsjubileum	5 000
Aksjon Dalsfjordbrua	Markering 10-årsdagen for opning brua, med utstilling	50 000
DALE UNGDOMSLAG	Kinolerret	57 375
BLANDAKORET DEKOR	Driftstøtte	10 000
DALE IDRETTLAG	Spinningsyklar	100 000
GRYTØYRA FISKEKLUBB	Fiskekonkurranse og dyrke interesse for fiske	15 000
BORTHEIM GRANNELAG	Utvikling av rekreasjonsområde Slupeholmen	100 000
Dingemoen skule	Gamingrom	95 000
GUDDAL UNGDOMSLAG	Driftstøtte	10 000
DALE IDRETTLAG	Inkluderingsfond	100 000
DALE IDRETTLAG	Handball Driftstøtte	100 000
Arnarsonmila	Utvikling Arnarsonmila med deltaking frå Island, steg på vegen mot parallelløp på Island	150 000
ASKVOLL OG HOLMEDAL IDRETTLAG	Vedlikehald bana i Holmedal, Hilvang	30 000
FORTIDSMINNEFOREINGA SOGN OG FJORDANE AVDELING	Styrkje museal opplevingsverdi Tysse og fremje Landmarksoga.	130 000
Fjaler Kino	Kinoframsying skulane i Fjaler og Holmedal	25 000



Flekke og Guddal Grunneigarlag SA	Prosjekt utfisking i Hovlandsdalsvatnet	100 000
Dale Idrettslag	G14 Dale IL Fotball Norway Cup-deltaking, strandrydding	37 500
Fjaler kommune	Kurs Bærekraftig næingsliv i Fjaler	258 000
Holmedal Bygdemuseum	Spelemanns/Musikktradisjoner i Dalsfjordregionen	40 000
Chris Hamper	Climbing & Parkinsons	40 000
JAKOB SANDE-SELKAPET	Forteljesenteret – Det Norske Jentekor, Drops	30 000
Akvahub AS	Utdanning	100 000
	På Rappen-ordninga	64 625
	SUM	5 367 500

Ei liste over gåvetildelingane for alle år ligg på stiftinga sine heimesider: www.ifjaler.no under Gåvetildeling og Tildelingar.



Skateboardbana

Foto: David Zadig



Eigedelar i stiftinga

Samla eigenkapital 31.12.22 etter omarbeidd rekneskap	kr 150.977.506
Samla eigenkapital 31.12.22 før omarbeidd rekneskap	kr 143.977.506

Samla eigenkapital 31.12.23 var kr 161.336.657 (31.12.22: kr 150.977.506)

Sum eigedelar 31.12.23 var kr 163.998.472 (31.12.22: kr 154.671.758)

Endring av rekneskapsprinsipp

Frå 01.01.2023 har Sparebankstiftinga Fjaler endra rekneskapsmodell frå artsrekneskap til aktivitetsrekneskap i samsvar med god rekneskapsskikk for idelle organisasjonar. Dette resulterer i mellom anna i ny oppstilling for resultatrekneskapen og balansen med tilhøyrande notar. Målet er å gje eit meir rettvise bilete på korleis inntekter og kostnader er knytt opp mot stiftinga sine aktiviteter og føremål. Dette har som konsekvens at avsett ramme (beløp) til gåver for 2023, i rekneskapen for 2022, vert endra frå gjeld til annan føremålskapital.

Resultat

Renteinntekter, utbytte på aksje- og rentefonda og eigenkapitalbevisa er stiftinga sitt inntektsgrunnlag. Det er utbytte på eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane for 2022 som er inntektsført i 2023. Driftsutgiftene var kr 6.259.066 (2022: kr 5.106.154). Verknad av endring rekneskapsprinsipp ved at vedtekne gåver utgiftsførast, utgjør kr 5.367.500.- av driftsutgiftene. Driftsutgifter ex. utgiftsførte gåver, utgjør i 2023 kr 891.566.- (2022: kr 1.024.062).

Resultat 2023 er overskot kr 10.359.151 (2022: kr 5.129.080 etter endring av rekneskapsprinsipp).

I 2023 fekk stiftinga utbetalt utbytte på eigenkapitalbevisa med kr 13.835.904 (2022: kr 10.400.680, 2021: kr 6.917.952, 2020: kr 4 611 968, 2019: kr 8 647 440). Det er for Sparebanken Sogn og Fjordane foreslått eit utbytte kr 25.- pr EK-bevis for 2023, til utbetaling i 2024. Dette vil utgjere kr 28.824.800.- for Sparebankstiftinga Fjaler.

Disponering av overskot

Sparebankstiftinga Fjaler si generalforsamling vil kvart år fastsette storleiken på midlar til gåveføremål. Følgjande retningslinjer ligg til grunn for disponering av overskot til allmennyttige gåver:

- Normalt vil årleg tildeling av allmennyttige gåver utgjere inntil 60% av overskotet, men det er høve til å bruke ein større del, og også bruke av gåvefondet når særlege forhold tilseier det.
- Det vert prioritert å bygge opp gåvefond som kan nyttast i år med svakare økonomiske resultat.



- Resten av overskotet skal avsetjast til annan eigenkapital.

Som følge av endring av rekneskapsprinsipp, vert ikkje ramme for gåveutdeling ein del av disponering av overskot, men vil vere eiga sak i generalforsamlinga.

Ramma fastsettast med basis i overskot før utgiftsføring av vedtekne gåver i året.

Styret foreslår slik disponering av overskot 2023:

- Avsett til gåvefond	kr	0
- Avsett til annan eigenkapital	kr	10.359.151
Sum disponeringar		kr 10.359.151

STYRANDE ORGAN I STIFTINGA

Organisering

Etter vedtektene skal stiftinga ha generalforsamling, styre og dagleg leiar.

Generalforsamlinga

Generalforsamlinga er stiftinga sitt høgste organ og vel styret sine medlemmer.

Generalforsamlinga vel òg revisor og fastset styret og revisor si godtgjersle.

Generalforsamlinga godkjenner stiftinga sitt årsoppgjer og fører tilsyn med stiftinga si verksemd.

Desse sit no i generalforsamlinga:

Innskytarvalde:

Mari Kyrkjebø, Dale

Ingvild Kjøsnes, Hellevik

Christine Nikøy Rogne, Dale

Magn Helge Brattelid, Dale

Ola Hovland, Dale

Florence Hamper, Flekke

Svante Tømmerbakke, Straumsnes

(funksjonstid frå 2025)

Varamedlemer:

Hilde Åsnes, Flekke

Kennet Vik, Dale

Valde av kommunestyret

Arve Helle, Dale

Ståle Brattelid, Dale

Ida Söderstrøm, Dale

Elisabeth Boge Sande, Dale

Varamedlemer:

Solveig Nitter, Dale

Svein-Martin Hovland Stenseth, Dale

I generalforsamlinga 7. april 2022, vart det gjort endring i § 2-2 i vedtektene for Sparebankstiftinga Fjaler. Generalforsamlinga skal no ha 10 medlemmer og 4 varamedlemer. Innskytarane skal velje 6 medlemmer 2 varamedlemer. Kommunestyret i Fjaler skal kvart



fjerde år velje 4 medlemmer og 2 varamedlemmer. Innskytarval skal haldast annakvart år. Det var innskytarval i 2024, og neste innskytarval vert i 2026. Det var ikkje innskytarval i 2023. Endringane i tal medlemmer trer i kraft når noverande funksjonstid går ut.

Styret

Etter vedtektene skal styret ha 4-5 medlemmer og inntil 3 varamedlemmer. Styremedlemene er valde for 2 år om gongen, der leiar er vald for 1 år om gongen. To, vekselvis tre er på val kvart år.

Gjeldande styre:

Ingar Valvik,	leiar	Rakel Cecilie Wilhelmsen Solheim,	
Kjartan Habbestad,	nestleiar		medlem
Rolf Kleiven,	medlem	Mats Systaddal, Dale	varamedlem
Marianne Furevikstrand,	medlem		

Administrasjon

Ole Anders Hope ved Accountor HAFS Hope Rekneskapskontor AS har vore engasjert som dagleg leiar frå 01.07.2012.

Stiftinga sin forretningsstad er i Fjaler kommune.

Likestilling og miljø

Dagleg leiar er mann. Styret består av 3 menn og 2 kvinner. Det er ikkje planlagt spesielle tiltak for å fremja likestilling då styret ikkje er kjent med at det har vore forskjelsbehandling i strid med lov om likestilling.

Styret vil arbeide for at stiftinga har eit godt arbeidsmiljø og eit godt samarbeidsklima med tilsette i Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet, og vil ved si gåvetildeling vektlegge at miljø og berekraft vert ivareteke.

Vilkår for vidare drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.


Den framlagde rekneskapen gjev ei korrekt framstilling av stiftinga si økonomiske stilling.

Dale 8. april 2024

Ingar Valvik, styreleiar (sign.) **Kjartan Habbestad** (sign.) **Marianne Furevikstrand** (sign.)

Rolf Kleiven(sign.) **Rakel Cecilie Wilhelmsen Solheim** (sign.)


Ole Anders Hope, dagleg leiar (sign.)



Årsrekneskap 2023

Sparebankstiftinga Fjaler

Resultatrekneskap
Balanse
Notar til rekneskapen



Org.nr.: 995 882 949

BankID Signing
Marianne Furevikstrand
2024-04-08

BankID Signing
Ole Anders Hope
2024-04-08

BankID Signing
Rakel Cecilie Wilhelmsen solhe
2024-04-08

BankID Signing
Rolf Kleiven
2024-04-08

BankID Signing
Kjartan Habbestad
2024-04-08

BankID Signing
Ingar Valvik
2024-04-08



AKTIVITETSBASERT RESULTATREKNESKAP

SPAREBANKSTIFTINGA FJALER

	Note	2023	2022
ERVERVA MIDLAR			
Utbytte	2	13 835 904	10 376 928
Resultat marknadsbaserte omløpsmidlar	2	1 479 662	23 752
Verdiendring marknadsbaserte omløpsmidlar	2	359 986	-369 135
Renteinntekter	2	942 665	203 689
SUM INNTEKTER PÅ ERVERVA MIDLAR		16 618 217	10 235 234
FORBRUKTE MIDLAR			
Løyvde gåver og tilbakeførte gåver	3	5 367 500	4 071 945
Aktivitetskostnader		85 536	224 341
Administrasjonskostnader	4, 7	805 962	799 722
Finanskostnader		69	10 146
Sum kostnader / forbrukte midlar		6 259 066	5 106 154
AKTIVITETSRESULTAT		10 359 151	5 129 080
DISPONERING			
Overført anna formålskapital		10 359 151	5 129 080
Sum overføringer		10 359 151	5 129 080



AKTIVITETSBASERT BALANSE

SPAREBANKSTIFTINGA FJALER

EIGEDELAR	Note	2023	2022
Anleggsmidler			
Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane	5	106 453 000	106 453 000
Anna eigeendom, varig verdi	6	100 813	100 813
Sum anleggsmidler		106 553 813	106 553 813
Omløpsmidlar			
Finansielle investeringar	5, 6	34 773 941	34 404 896
Bankinnskot, kontantar og liknande	2	22 670 718	13 713 050
Sum omløpsmiddel		57 444 660	48 117 946
SUM EIGEDELAR		163 998 472	154 671 758
FØREMÅLSKAPITAL OG GJELD			
FØREMÅLSKAPITAL			
Grunnkapital	5, 8	106 453 000	106 453 000
Gåvefond	3, 8	8 218 753	8 218 753
Anna føremålskapital	8	46 664 904	36 305 753
Sum føremålskapital		161 336 657	150 977 506
GJELD			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		119 208	87 672
Skuldige offentlege avgifter	7	37 832	42 407
Anna kortsiktig gjeld	3	2 504 776	3 564 174
Sum kortsiktig gjeld		2 661 815	3 694 252
Sum gjeld		2 661 815	3 694 252
SUM FØREMÅLSKAPITAL OG GJELD		163 998 472	154 671 758

Fjaler, 08.04.2024
Styret i Sparebankstiftinga Fjaler

Ingar Valvik
styreleiar

Rolf Kleiven
styremedlem

Marianne Furevikstrand
styremedlem

Kjartan Habbestad
styremedlem

Rakel Cecilie Wilhelmsen Solheim
styremedlem

Ole Anders Hope
dagleg leiar



Notar til rekneskapen 2023

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Sparebankstiftinga Fjaler vart skipa 01.09.2010 og er lokalisert i Fjaler. Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova og NRS (F) God rekneskapsskikk for idelle organisasjonar, og reglar for små føretak.

Endring av rekneskapsprinsipp

Frå 01.01.2023 har Sparebankstiftinga Fjaler endra rekneskapsmodell frå artsrekneskap til aktivitetsrekneskap i samsvar med god rekneskapsskikk for idelle organisasjonar. Dette resulterer i mellom anna i ny oppstilling for resultatrekneskapen og balansen med tilhøyrande notar. Samanlikningstala i rekneskapen for 2022 er endra i samanheng med overgang til aktivitetsrekneskap. Målet er å gje eit meir rettvise bilete på korleis inntekter og kostnader er knytt opp mot stiftinga sine aktiviteter og føremål.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar skaffa til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmiddel. Føremålsinvesteringar viser til investeringar som søkjer å oppfylle vedtekne føremål i stiftinga. Andre eigedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifiserte som omløpsmiddel. Anleggsmiddel er vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er venta å vere forbigåande. Børsnoterte finansielle anleggsmiddel vert nedskrivne til marknadsverdi uavhengig av om verdifallet er venta å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Omløpsmiddel er vurderte til lavaste av kostpris og verkeleg verdi.

Gåvefond

Gåvefond er formålskapital med sjølvpålagde restriksjonar, og er midlar avsett til gaver og drift av stiftinga.

Anna føremålskapital

Føremålskapital som ikkje er underlagt restriksjonar er anna føremålskapital.

Løyvde gaver

Generalforsamlinga vedtek omfanget av gaver til utdeling, medan styret forvaltar dei disponible midlane frå generalforsamlinga. Gaver tildelt frå styret, blir kostnadsført på innvilgingstidspunktet, uavhengig av om utbetalinga har skjedd eller ikkje. Styret kan løyve gaver for komande år med føresetnad om at generalforsamlinga løyver midlar for det aktuelle året. Returnerte gaver vert ført som negative kostnader på same linje som kostnaden opprinneleg vart kostnadsført på. I balansen vert dei tildelte gåvene avsett som kortsiktig gjeld "Løyvde gaver" og redusert i takt med utbetalingar.

Inntektsføring frå finansielle investeringar

Inntekter frå finansielle investeringar vert resultatført når utbytte eller avkastning er motteke, eller investeringane realisert, under Erverva midlar.

Samanstilling av kostnader

Kostnader blir fordelt mellom aktivitet- og administrasjonsutgifter etter forbruk.

Skatt



Notar til rekneskapen 2023

Stiftinga har ikkje erverv som formål, og er ikkje skattepliktig jfr. Skattelova sine reglar om skattefrie institusjonar.

NOTE 2 Bankinnskot, renteinntekter og utbytte

Renter frå innskot i bank utgjer totalt kr 942 665 i 2023.

Sum innestående i bank pr. 31.12.2023 utgjer kr 22 670 718.

I 2023 er det motteke og inntektsført utbytte kr 13 835 904 frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Ein større del av Sparebankstiftinga Fjaler sine midlar har i 2023 vore plassert ulike fond. Ved utgangen av 2023 var det plassert samla kr 34 773 941 i fond og andre plasseringar. Realisert vinst på fond var i 2023 kr 1 479 662. Urealisert tap på marknadsbaserte finansielle omløpsmiddel pr 31.12.2023 var kr 11 219 . Av urealisert tap i 2022 på marknadsbaserte finansielle omløpsmiddel i forhold til kostpris er kr 359 986 tilbakeført som inntekt. I 2023 er det ein urealisert, ikkje bokført vinst på kr 2.959.605.- pr. 31.12.

For 2023 vil det føreslegne utbyttet frå Sparebanken Sogn og Fjordane utgjere kr 25.- pr EK-bevis, sum kr 28.824.800.- for Sparebankstiftinga Fjaler. Dette utbyttet vert inntektsført i 2024-rekneskapen.

Kr 33 748 er bundne skattetrekkmidlar på skattetrekkkonto.

NOTE 3. Tildeling gåver

Generalforsamlinga vedtek omfanget av gåver til utdeling, medan styret forvaltar dei disponible midlane frå generalforsamlinga. Gåver tildelt frå styret, blir kostnadsført på innvilgningstidspunktet, uavhengig av om utbetalinga har skjedd eller ikkje. Styret kan løyve gåver for komande år med føresetnad om at generalforsamlinga løyver midlar for det aktuelle året. Returnerte gåver vert ført som negative kostnader på same linje som kostnaden opprinneleg vart kostnadsført på. I balansen vert dei tildelte gåvene avsett som kortsiktig gjeld "Løyvde gåver" og redusert i takt med utbetalningar.

	2023	2022
Løyvde gåver	5 367 500	4 071 945
Løyvde, ikkje utbetalte gåver 01.01.	3 549 955	2 281 950
Løyvde gåver, tildelt	5 367 500	4 071 945
Utbetalte gåver	6 414 500	2 803 940
Løyvde, ikkje utbetalte gåver 31.12.	2 502 955	3 549 955

Gåveramma for 2023 var kr 7.000.000. Det er for 2024 vedteke ramme kr 8.000.000. Generalforsamlinga skal etter framlegg frå styret vedta ramme for 2025. Generalforsamling kan også etter framlegg frå styret endre ramma for 2024.

Vanlegvis kan det maksimalt delast ut inntil 60% av overskot før kostnadsførte gåver i året, og inntil resten av overskotet kan avsetjast til gåvefond for framtida. Det er høve til å bruke av gåvefondet til større tiltak, og at tildelinga kan vere større enn 60% så lenge det er forsvarleg.



Notar til rekneskapen 2023

Det er for 2023 sett av kr 0 til gåvefond, og kr 10 359 151 til annan eigenkapital. Gåvefondet står som eigenkapital under føremålskapital, og utgjør saman med tidlegare avsett; kr 8 218 753. Det er eit mål at gåvefondet skal innehalde nok midlar til 3 års gåveutdeling.

Av totalt utdelte gåver er kr 2 502 955 ikkje utbetalt pr 31.12.2023, og er bokført under anna kortsiktig gjeld.

Anna kortsiktig gjeld utgjør:

Rest av tidlegare avsetningar til utdeling	kr	719
Ikkje utbetalt av På Rappen-midlar:	kr	2 125
Ikkje utbetalt av utdelte gåver:	kr	2 502 955
Skuldig løn og feriepengar	kr	0
Sum	kr	2 504 776

NOTE 4. Administrasjonskostnader

	2023	2022
Løn og honorarkostnader	699 710	688 007
Andre administrasjonskostnader	106 252	111 714
Sum administrasjonskostnader	805 962	799 722

NOTE 5 Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane

	Eigarandel	Tal eigen- kapitalbevis	Pålydande	Kostpris
Sparebanken Sogn og Fjordane	5,92 %	1 152 992	100	116 453 060

Stiftinga eigde 1 152 992 eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane pr 31.12.23.

1 114 530 av desse er bokførde til pålydande kurs à kr 100.-. 38 462 eigenkapitalbevis er bokført til kostpris kr 130.-. Eigarandelen utgjør 5,92%.

Likningsverdien pr 31.12.23 er kr 275,82 pr EK-bevis, sum kr 318.018.253 (2022 kr 284 200 998).

1 064 530 av eigenkapitalbevisa til kurs à kr 100.- utgjør grunnkapitalen i Sparebankstiftinga Fjaler.



Notar til rekneskapen 2023

NOTE 6. Finansielle investeringar, eigenkapitalbevis og føremålsinvesteringar

31.12.2023

Sum kostpris marknadsbaserte finansielle instrument 34 773 941

Prinsipp for vurdering verdi av aksjar og eigenkapitalbevis:
Plassering i aksjar og eigenkapitalbevis som inngår i ein handelsportefølje vert vurdert for heile porteføljen til det lavaste av kostpris eller marknadsverdi på balansedagen. Netto realisert vinst/tap vert ført som Resultat marknadsbaserte omløpsmidlar.

Det har vore investert i aksjefond, rentefond og eigenkapitalbevis i 2023.

31.12.2023

Likningsverdi eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane som utgjør stiftinga sitt grunnfond kr 293 618 664

Marknadsverdi marknadsbaserte finansielle instrument:

Investering	Kostpris	Likningsverdi 31.12.23
DNB Aktiv 10	2 000 000	kr 2 227 498
DNB Global Indeks A	1 000 000	kr 1 373 616
DNB Teknologi A	1 000 000	kr 1 403 990
Holberg Global A	2 043 873	kr 2 498 339
Norne Aksje	1 000 000	kr 1 170 523
Eika Eigenkapitalbevis	1 043 873	kr 1 135 920
Norne Rente	5 500 000	kr 5 914 870
DNB Norden Indeks	3 850 000	kr 4 107 964
KLP Aksjglobal Mer Samfunnsansvar P	5 500 000	kr 5 848 202
Skagen Kon-Tiki A	1 650 000	kr 1 638 781
Eigenkapitalbevis SSFJ	10 000 060	kr 24 399 589
Eigenkapitalbevis Sparebanken Vest	197 355	kr 413 783
Påløpt tap	-11 219	
Sum	34 773 941	kr 52 133 076

Sum likningsverdi og marknadsverdi kr 345 751 740

Sparebankstiftinga Fjaler er eigar av to Anders Askevold-maleri med motiv frå Dale og Dalsfjorden. Dei er bokført til kostpris kr 100 813.



Notar til rekneskapen 2023

NOTE 7. Løn og godtgjersle tilsette, dagleg leing, styre og generalforsamling m.m.

Lønskostnader	2023	2022
Løner	210 499	209 090
Arbeidsgjevaravgift	19 080	19 578
Pensjonskostnader	0	0
Andre ytingar	0	0
Sum	229 579	228 668

Gjennomsnittleg tal årsverk: 0,25 på årsbasis.

Ytingar til leiande personar	Dagleg	
	leiar	Styret
Løn	Sjå avsnitt nedanfor:	180 000
Pensjonsutgifter	0	0
Anna godtgjersle	0	0

Sparebankstiftinga Fjaler har ikkje tilsette personar, og har difor ikkje plikt til å ha pensjonsordning.

Sparebankstiftinga Fjaler har ikkje ytt lån eller stillt sikkerheit til fordel for medlemmer av styret eller andre i administrasjons-, leing- eller kontrollorgan.

Accountor HAFS Hope Rekneskapskontor AS ved Ole Anders Hope er engasjert som dagleg leiar. Samla honorar for rekneskapsføring og dagleg leing i 2023: kr 417 127 inkl. mva.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2023 utgjer kr 53 004.

NOTE 8. Eigenkapital

	Grunnkapital	Overkurs- fond	Gåvefond	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Pr 31.12.2022 før endring prinsipp	106 453 000	0	8 218 753	29 305 753	143 977 506
Avsetning gåver overført EK 31.12.22				7 000 000	7 000 000
Pr. 31.12.2022 etter endring prinsipp	106 453 000	0	8 218 753	36 305 753	150 977 506
Pr 01.01.2023	106 453 000	0	8 218 753	36 305 753	150 977 506
Pr. 01.01.2023	106 453 000	0	8 218 753	36 305 753	150 977 506
Avsett til gåvefond			0		0
Overført frå gåvefond			0		0



Notar til rekneskapen 2023

Avsett til annen eigenkapital			10 359 151	10 359 151
Pr 31.12.2023	106 453 000	8 218 753	46 664 904	161 336 657